

Eksamen

21. november 2016

LBR3007

Økologisk landbruk 2

Programområde: Landbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgje forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du brukar utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgje nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg
Informasjon om vurderinga	<p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive dei vala du tar og grunngje dei. Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva• Trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• Meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter• Bruke eksempel der dette er relevant• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og påliteleg måte
Andre opplysningar	Oppgåvesettet inneheld <u>tre</u> deloppgåver. Du skal svare på alle tre.

Oppgåve 1 Plantevern

Vel ein planteproduksjon i landbruket. Produksjonen skal vere økologisk. Avgjer i kva for ein del av landet produksjonen skal gå føre seg, kva for ein jordtype du har og gjer andre nødvendige føresetnader.

- a) Beskriv dei viktigaste sjukdommane, skadegjerarane og ugrasa som er problematiske for denne produksjonen.
- b) Beskriv førebyggjande planteverntiltak for å unngå problema i oppgåve a).
- c) Kva for nokre direkte tiltak kan du setje i verk mot problema i a) når dei førebyggjande tiltaka frå oppgåve b) ikkje er tilstrekkelege?

Oppgåve 2 Næringsbalanse plantar

I produksjonen frå oppgåve 1 skal du svare på følgjande spørsmål om plantenæring:

- a) Korleis vil du sørge for at produksjonen du valte i oppgåve 1 får nok næring? Lag ein plan for næringstilførsel.
- b) Gå ut frå at du har tilgang på husdyrgjødsel frå mjølkeproduksjon. Korleis er reglane for lagring og bruk av slik gjødsel? Korleis kan husdyrgjødsel brukast på best mogleg måte i produksjonen frå oppgåve 1? Rekn ut tilførsel av nitrogen, fosfor og kalium til produksjonen ved dette valet.
- c) Belgvekstar er viktige i nitrogenforsyninga på økologiske gardar. Forklar kvifor dei er viktige. Kor mykje nitrogen kan du eventuelt rekne med blir tilført frå belgvekstar?

Oppgåve 3 Økonomi og marknad

- a) Drøft dei vanlegaste hovudforskjellane i økonomien mellom ein økologisk driven og ein konvensjonelt driven mjølkeproduksjonsgard. Ta for deg inntekter, kostnader, resultat og eventuelt andre viktige faktorar.
- b) Kva slags merkeordningar finst for økologiske produkt? Korleis kan vi få rett til å bruke desse merka, og kva er formålet med dei?
- c) Vel eit økologisk planteprodukt og eit økologisk husdyrprodukt. Gjer greie for marknadssituasjonen for desse produkta i Noreg. Kva slags ulike omsetjingsformer kan brukast for å selje desse produkta som økologiske varer? Drøft framtidsutsiktene for marknad og omsetjing av produkta.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgavene må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse.</p> <p>Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg• Mestres relevante grunnleggende ferdigheter• Bruke eksempler der dette er relevant• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte
Andre opplysninger	Oppgavesettet består av <u>tre</u> deloppgaver. Du skal svare på alle tre.

Oppgave 1 Plantevern

Velg en planteproduksjon i landbruket. Produksjonen skal være økologisk. Bestem i hvilken del av landet produksjonen skal foregå, hvilken jordtype du har og gjør andre nødvendige forutsetninger.

- a) Beskriv de viktigste sykdommene, skadegjørerne og ugrasene som er problematiske for denne produksjonen.
- b) Beskriv forebyggende planteverntiltak for å unngå problemene i oppgave a).
- c) Hvilke direkte tiltak kan du bruke for å bekjempe problemene i a) når de forebyggende tiltakene fra oppgave b) ikke er tilstrekkelige?


Oppgave 2 Næringsbalanse planter

I produksjonen fra oppgave 1 skal du svare på følgende spørsmål om plantenæring:

- a) Hvordan vil du sørge for at produksjonen du valgte i oppgave 1, får nok næring? Lag en plan for næringstilførsel.
- b) Forutsett at du har tilgang på husdyrgjødsel fra melkeproduksjon. Hvordan er reglene for lagring og bruk av slik gjødsel? Hvordan kan husdyrgjødsel brukes på best mulig måte i produksjonen fra oppgave 1? Beregn tilførsel av nitrogen, fosfor og kalium til produksjonen ved dette valget.
- c) Belgvekster er viktige i nitrogenforsyningen på økologiske gårder. Beskriv hvorfor de er viktige. Hvor mye nitrogen kan du eventuelt regne med blir tilført fra belgvekster?

Oppgave 3 Økonomi og marked

- a) Drøft de vanligste hovedforskjellene i økonomien mellom en økologisk drevet og en konvensjonelt drevet melkeproduksjonsgård. Ta for deg inntekter, kostnader, resultat og eventuelt andre viktige faktorer.
- b) Hvilke merkeordninger finnes for økologiske produkter? Hvordan kan vi få rett til å bruke disse merkene, og hva er hensikten med dem?
- c) Velg et økologisk planteprodukt og et økologisk husdyrprodukt. Beskriv markedsituasjonen for disse produktene i Norge. Hvilke ulike omsetningsformer kan brukes for å selge disse produktene som økologiske varer? Drøft framtidsutsiktene for marked og omsetning av produktene.



www.vigoiks.no/eksamen